

Vilkår for deltaking på studium med studieavgift ved Høgskulen på Vestlandet

Innleiande reglar

- 1) I dette dokumentet blir kunde, student og tenestemottakar omtala som «studenten» jf. [forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet](#) og [forskrift til universitets- og høyskolerloven](#), og er den personen Høgskulen på Vestlandet (HVL) har inngått direkte avtale med om deltaking på eit studium. Alle utdanningar med studieavgift er omtala som «studium».
- 2) Ved å takke ja til tilbod om studieplass ved HVL aksepterer studenten [Vilkår for deltaking på studium med studieavgift](#) ved Høgskulen på Vestlandet. Vilkåra gjeld uavhengig av omfanget på utdanninga. Vilkåra blir sendt ut saman med tilbod om studieplass og det er studenten si plikt å setje seg inn i vilkåra før studenten takkar ja til studieplassen. Det er studenten sitt ansvar at vilkåra er oppfylt.
- 3) HVL kan endre vilkåra, men må då sende eit varsel på e-post seinast 30 dagar i forkant. Dei gjeldande vilkåra er tilgjengelege på nettsidene våre. Sjå og våre vilkår for [personvern](#).
- 4) [Semesteravgift](#) kjem i tillegg til studieavgift og er regulert i [studentsamskipnadsloven § 10](#). Semesteravgift er ei fast avgift alle studentar som deltar på studium med eit omfang på 15 studiepoeng eller meir pr. semester, pliktar å betale.

Betalingsvilkår

- 5) Avtale om deltaking på studium med studieavgift er økonomisk bindande etter angrefristen sitt utløp og heftar personleg studenten som har takka ja til studieplass.
- 6) Studenten pliktar å betale semesteravgift og studieavgift i høve til gitte betalingsfristar, samt gjeldande vilkår ved avbrot eller permisjon frå studiet, sjå punkt 12.
- 7) Semesteravgifta må betalast innan 14 dagar etter oppstart.
- 8) Betaling av heile studieavgifta må være registrert seinast 14 dagar før eksamen. Sjå meir informasjon om HVL sine fristar for [oppmelding og avmelding til eksamen](#).
- 9) Studenten er økonomisk og juridisk ansvarleg for at alle avtalevilkår blir innfridd. Dersom andre enn studenten sjølv skal betale faktura, er det studenten sitt ansvar å informere HVL om korrekt fakturainformasjon.
- 10) Ved behov for utsett betaling må studenten kontakte post@hvl.no. Avtale om utsett betaling/ individuell betalingsplan er personleg og kan ikkje bli overdratt til andre.
- 11) Dersom studenten ikkje betalar semesteravgift og studieavgifta innan gitte betalingsfristar, vil studenten miste studieretten til gjeldande utdanning og moglegheita til å ta eksamen jf. [forskrift om studium og eksamen § 4-8](#).

Vilkår ved avbrot eller permisjon frå studiet

- 12) Etter at studenten har mottatt tilbod om studieplass gjeld angrerettloven. Studenten kan nytte seg av angreretten innan 14 dagar etter å ha takka ja til studieplassen, jf. [angrerettloven § 21](#). Avmelding av studium skal skje skriftleg per e-post til post@hvl.no med utfylt angrerettsskjema, uansett årsak. Ved å nytte angreretten innan fristen fell kravet om betaling av avgifter bort og eventuell innbetaling blir tilbakeført til studenten.
- a) Unntak gjeld dersom studenten har takka ja til studieplass tett opptil studiestart og nyttar angreretten etter at studiet har starta. Då må studenten rekne med å betale ein høveleg del av den undervisningstenesta som er mottatt, jf. [angrerettloven § 26](#).
 - b) Angrefristen går uavhengig av studenten sin eventuelle søknad hjå Lånekassen eller søknad om anna finansiering eller tilrettelegging.
 - c) Dersom studenten avbryt studiet etter angrefristen, må studieavgifta i utgangspunktet betalast. Så sant det er mogleg utan tap for HVL, vil betalingskravet kunne bli redusert.
 - d) Det er eigne reglar dersom studenten ynskjer permisjon jf. [forskrift om studium og eksamen §5-2b](#).
- 13) Betalingsvilkåra kan fråvikast dersom det ligg føre dokumenterte, tungtvegande grunnar. Slike grunnar kan vere førstegongsteneste, fødsel/adopsjon eller langvarig sjukdom/opphald på sjukehus jf. [forskrift om opptak til Høgskulen på Vestlandet § 7-1 \(1\)](#).

Generelle vilkår

- 14) HVL reserverer seg retten til å kunne avlyse studiet etter [forskrift om opptak til Høgskulen på Vestlandet § 7-6](#) inntil 14 dagar før studiestart. Dersom HVL avlyser studietilbodet skal varsel om avlysing sendast til studenten så tidleg som mogleg og seinast innan 14 dagar før oppstart. Dersom studenten har betalt semester- og/eller studieavgift når HVL avlyser studiet, vil avgifta bli refundert.
- 15) Dersom HVL sitt misleghald skuldast force majeure, vil ikkje studenten ha krav på kompensasjon, utbetring, refusjon, heving eller erstatning.
- 16) HVL tar generelt atterhald om trykkfeil på nettsidene og i sosiale medium. Slike feil skal korrigerast så snart som mogleg.

Godkjent av rektor 4. januar 2023 (sak 23/00209-3)